

Innspel frå Høgskulen i Volda til Fagleg råd for lærarutdanning sitt arbeid med rammeplan for lærarutdanning

Innspel til arbeidet med inndeling av underkapittel i ny rammeplan

Vi opplever det som krevjande å uttale oss om dette utan å vite meir om kva som er tenkt lagt til hovuddelen av ein felles rammeplan. Gitt føremålet i oppdraget til FRLU, om at underkapitla skal handle om dei ulike kontekstane ein utdannar lærarar til, følgjer vi argumentasjonen i rapporten frå ekspertgruppa, der ein argumentera for at ei inndeling basert på lovverket er den beste løysinga.

Innspel til arbeidet med rammeplanfesting av omfanget av praksis

Med tanke på kvalitet og reguleringar som skal sikre likeverd mellom institusjonane, meiner vi det er viktig det kjem tydeleg fram kor mange dagar rettleidd praksis som må liggje til utdanningane. Korleis ein kan kombinere dette med ein felles rammeplan ser vi kan vere ei utfordring. Ei mogleg løysing kan vere å bruke lengda på utdanningane som struktur for å fastsetje omfanget av praksis i ny rammeplan.

Vidare er vi opptekne av at det blir forskriftsfesta at minst 50% av praksis må gjennomførast utanom eigen arbeidsplass for å sikre kvalitet i rettleiing og vurdering

Det er fleire omgrep som i dag blir brukte i samanheng med praksisopplæringa, til dømes utvida praksis og praksis på alternative opplæringsarenaer. Vi er difor opptekne av at det blir tydeleggjort i forskrift eller tilhøyrande dokument kva som ligg i dei ulike omgrepa, og at det framleis blir stilt krav til ordinær praksis med tanke på progresjon, variasjon, rettleidd og vurdert praksisopplæring. Vidare er vi opptekne av at kvalifikasjonskravet til praksislærarar blir forskriftsfesta, her meiner vi at grunnutdanning, rettleiingsutdanning og arbeidserfaring er relevante stikkord.

Innspel til arbeidet med fellesverdiar og -kompetansar i ny rammeplan

Rammeplanane legg føringar for kva som skjer i praksis, og studiar viser at formuleringane i rammeplanane er viktige for at studentane som går ulike lærarutdanningar faktisk får opplæring i nynorsk og nynorskdidaktikk i løpet av utdanninga si (t.d. Nordal, 2004; Jegteberg & Budal, 2021; Språkrådet, 2023). At lærarar får slik kompetanse gjennom utdanninga si, er ein føresetnad for at elevar i skulen skal få den opplæringa dei har krav på.

Funn i Rapport om norsk, særleg nynorsk, i lærarutdanningane (Språkrådet, 2023) viser at dei lærarutdanningane der forskrifta til rammeplanen krev nynorskkompetanse, i større grad prøver å sikre nynorskkompetansen til lærarstudentane. I dag er det berre forskriftene for rammeplan for barnehagelærarutdanninga, GLU 1–7 og GLU 5–10 som har formuleringar om språkkompetansen til studentane i det heile, og det er viktig at dette blir teke inn i ein samla rammeplan for lærarutdanning.

LK20 og Rammeplan for barnehagen peikar på at det skal vere samanheng mellom barnehage og skule. For å sikre ein god språkleg samanheng for barnehagebarn og elevar, må også ein felles rammeplan for lærarutdanningane tematisere det norske språkmangfaldet – med nynorsk, bokmål og dialektar – som ein ressurs.